



Fagleg nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna føretaksområde

Nyheitsbrev 19.12.2023

Kjære ressursperson og leiar!

Nyheitsbrev vert sendt ut to gonger årleg, denne gong for å gi ei oppsummering av aktivitetane i nettverket denne hausten, informera om planane for neste år og bidra med aktuell informasjon frå fagfeltet.

Nettverket skal sikra samarbeid, og dei lokale nettverksmøta legg til rette for dette på ein unik måte ved at ein vert betre kjent og får ei auka forståing på tvers av kommune- og spesialisthelsetenesta.

Kva har skjedd sidan sist?

Lokale nettverksmøte

Det er gjennomført lokale nettverksmøte i alle nettverksgruppene i haust. Dette har vore gode møte med godt frammøte.

Tema for undervisninga denne hausten har vore delt mellom:

- «Akutte tilstander hos kreftpasienten» v/Kristin Valen, Berit Røksund og Charlotte Ramsøy
- «Palliasjon ved demens – fokus på livskvalitet», undervisning ved Aart Huurnink via video.

Alle nettverka har i løpet av året fått undervisning om begge tema, fordelt på vår og haust.

Verdsdagen for lindrande behandling

I Helse Fonna vart det gjennomført ei mindre markering i år med stand på Stord Sjukehus den 14. november.

For meir info om verdsdagen, sjekk ut: <https://www.thewhPCA.org/>



Fra venstre:
Berit K. Røksund, kreftsjukepleiar Stord sjukehus,
Jenny Ann Lid Toft, sjukepleiar Haugesund sjukehus/KLB,
Torhild Aamodt, kreftkoordinator Stord,
Grete Skeie Sørhus, kreftkoordinator Vindafjord kommune/KLB.

Fagdag i nettverket for fysioterapeutar og ergoterapeutar

Driftsgruppa for fysioterapi- og ergoterapinetverket har nyleg arrangert fagdag på Bjørgene omsorgssenter. Det var fint oppmøte og engasjerte ressurspersonar. Tema var "Palliasjon i heimen" og vi hadde fleire forelesarar inne. I haust vart det også arrangert digital undervisning for fysioterapi- og ergoterapinetverka i heile Helseregion Vest.

Kompetansemiddel til nettverket

Mange ressurspersonar har tidlegare nyttet høvet til å søkja om kompetansemiddel for å delta på kurs/konferansar. Det er for tida ingen middel att å søkja på. Driftsgruppa for nettverket sendte søknad til Statsforvaltaren om kompetansemiddel på nytt, men fekk avslag i denne omgang.

Planar for våren 2024

Nettverksmøta startar opp i april. Her er oversikt over nettverksmøta våren 2024:

Nettverksgruppe	Dato
Hardanger	02. april – Eide omsorgssenter
Ytre Haugaland Midt	30. april – Nedstrandstunet Tysvær
Ytre Haugaland Nord	23. april – Stemhaugmarka bofellesskap
Ytre Haugaland Sør	09. april – Bjørgene
Indre Haugaland	07. mai – Suldal heimeteneste
Sunnhordland	14. mai – Tysnes omsorgssenter

Sett av dato i kalender og informer leiar allereie nå.

Hugs møta er obligatoriske for sjukepleienettverket.

Nettverket består av **123** ressurspersonar i sjukepleienettverket og **27** ressurspersonar i fysioterapi- og ergoterapinettverket.
For meir info sjekk ut

www.pallnet.no

Årleg fagdag 2024 vert den 12. mars 2024 på Tabernaklet i Haugesund.

Introduksjonskurs i 2024 vert arrangert 1. oktober.

Lokal fagdag innan grunnleggande palliasjon vert arrangert 26. november 2024.

Driftsgruppa for fysioterapi- og ergoterapinettverket arbeider med planar for fagdag hausten 2024 og set pris på innspel frå ressurspersonane i nettverket.

Meir informasjon om alle arrangementa kjem både på e-post og via KLB sine nettsider.

Kurs og konferansar

I 2024 vert Landskonferansen i palliasjon arrangert i Bergen. Vi håper på god deltaking frå Vestlandet og frå nettverket i Helse Fonna!

Påmelding til konferansen er opna:

[Landskonferansen i palliasjon, 11.-13. september 2024, i Bergen](https://www.helsedirektoratet.no/landskonferansen-i-palliasjon-11.-13-september-2024-i-bergen)

Aktuell informasjon frå fagfeltet

Pakkeforløp heim for kreftpasientar skal implementerast i Helse Fonna i løpet av 2024, både i spesialisthelsetenesta og i alle kommunar. Målet med ordninga er å bidra til god struktur og logistikk i helsetenesta, samt sikra tryggleik og meir føreseielege forløp for personar som lever med kreft, eller etter avslutta kreftbehandling.

Link: <https://www.helsedirektoratet.no/pakkeforlop/hjem-for-pasienter-med-kreft>

«Nasjonale faglige råd om forhåndssamtaler og planlegging ved begrenset forventet levetid»

Desse råda vart publiserte nå i desember 2023:

<https://www.helsedirektoratet.no/faglige-rad/Forhandssamtaler-og-planlegging-ved-begrenset-forventet-levetid>

Sjukepleienettverket har tidlegare hatt undervisning om førehandssamtalar. Den nye rettleiareni vil gjere det enklare å få desse samtalane til i praksis. Vi oppmodar alle ressurspersonar til å lese dei nye råda!

På KLB si heimeside ligg informasjon om temasida på helsenorge.no: Ny temaside på helsenorge.no: [Døden - en del av livet - Helsenorge](#)

Det er også link til denne temasida under «Til pasientar og pårørande».

Palliativ behandling i Helseregion Vest

Haukeland universitetssjukehus opna i oktober ein heilt ny sengepost for palliative pasientar. Posten har 8 senger, med moglegheit for 10. Posten er plassert i dei nye Glasblokkene på Haukeland sitt sjukehusområde, i flotte, nye lokale.

Døgnbasert vaktordning er tilgjengeleg for heile helseregionen ved behov for råd eller drøfting av kliniske problemstillingar. Døgnopen telefon til palliativ sengepost: **55 97 94 00**

Prosjektmiddel

Alle kommunar kan søkja om prosjektmiddel til «Kompetansehevande tiltak innan lindrande behandling og omsorg ved livets slutt». Desse midla kan gjera det mogeleg å setja fokus på og vidareutvikla det palliative arbeidet. Søknadsfrist er **1. mars 2024**.

Helsedirektoratet deler kvart år ut desse midla. Ordninga vert administrert av Statsforvaltaren.

Informasjon om pågående prosjekt i vår region finn de på KLB si nettside. Bruk gjerne god tid på å utarbeida ein god søknad!

Hospitering

Alle ressurssjukepleiarar vert oppmoda til å hospitera i løpet av ein 3-års periode (jmfr.

Kompetanseplanen). De kan lesa meir om hospiteringsordninga i Helse Fonna på KLB si heimeside under Nettverk Helse Fonna.

Nytt frå Kreftforeningen

Kreftforeningen sin juleaksjon

I jula vert det hengt opp tusenvis av julestjerner på norske sjukehus og sjukeheimar, gitt av folk frå heile landet. Med kvar stjerne gir vi glede og håp – og støtte til kreftforsking. [Om Kreftforeningens juleaksjon - Kreftforeningen](#)



«Sorgkurs – fra etterlatt til etterlevende»

Våren 2024 lanserer Kreftforeningen eit mestringeskurs for etterlatne. Vi snakkar med fleire av dei beste fagpersonane på sorg og sorgreaksjonar. Kurspakken inneholder fleire mini-foredrag og samtalar om sorg. Du som arbeider med kreftomsorg og lindrande behandling, kan halde sorgkurs der du bur, i kommunen eller på arbeidsstaden. [**Sorgkurs – fra etterlatt til etterlevende - Kreftforeningen**](#) Sorgkurset er laga i samarbeid med Montebellosenteret, og med støtte frå Stiftelsen DAM.



Podkasten K-orDET

I podkasten K-orDET møter du kjente menneske som har opplevd kreft på ein eller annan måte. Dei fortel om sorg, frykt og smerte, men også om styrke, håp og glede. Og alle stiller med eitt mål: **At vi skal føle oss litt mindre åleine.** [**K-orDET – en podkast fra Kreftforeningen**](#)

Nytt frå KOR

Kreftomsorg Rogaland er eit lokalt kompetansesenter for kreftpasientar, pårørande og etterlatne. Kreftomsorg Rogaland blei etablert i 2006. Helsetenester i regi av Kreftomsorg er forskings- og erfaringsbaserte. Me skreddarsyr den psykososiale oppfølginga gjennom terapeutiske samtalar.

Kreftomsorg Rogaland sin visjon er "Livskvalitet - når livet er i endring" Heimeside: www.kreftomsorg.no

Følg oss gjerne på sosiale medium: LinkedIn: <https://www.linkedin.com/feed/> Facebook: <https://www.facebook.com/kreftomsorg> Instagram: <https://www.instagram.com/kreftomsorg/>

Tenester i KOR: Me tilbyr individuelle samtalar, par- og familiesamtaler. Me har også moglegheit til å ha samtalar i heimen eller på institusjon.

Prosjekt: "Enda litt meir" er eit prosjekt i Sandnes i samarbeid med Robust Sandnes, og på Bryne. Dette er trening for kreftramma som har vore vant til fast treningsopplegg før sjukdom, eller som har ønske om litt hardare trening.

"Minneboksen" for barn er eit pågåande prosjekt både i nord- og sørfylket. Me har seks-åtte samlingar for barn som har mista ein av foreldra i kreftsjukdom. Me har lagt opp til ulike tema kvar gong, og dei får ei bok og samlar minne og brev i sin eigen minneboks.

Samtaleverktøy for barn og unge: I Kreftomsorg Rogaland har me sett betydninga av å ha gode verktøy som kan være nyttige i samtalar. Me har sett behovet for å utvikla eit diagnosenøytralt kommunikasjonsverktøy, kor me vil utarbeida samtalekort med teikningar, bilete og kjensler som kan gjenspeila erfaringar i ein krevjande livssituasjon.

Me har søkt om og fått økonomiske midlar frå DAM til å utarbeida eit verktøy i samtalar med barn og unge. Dette arbeidet begynte me på i haust, og planen er å ferdigstille prosjektet i løpet av 2024.

Homogene smågrupper: Me har moglegheit til å starta med mindre grupper for både kreftramma, pårørande og etterlatne. Me kan ta omsyn til deira livssituasjon, alder og eventuelt diagnose.

Denne hausten har me hatt tre grupper fordelt på to kontor. Det har vore to grupper for kreftoverleverar. Den eine gruppa har vore for engelsktalande, og den andre gruppa for etterlatne.

Familiearbeit: Dette er eit viktig fokus for oss i KOR, kor me har oppfølging av heile familien. Me tilbyr barnesamtalar individuelt og i grupper. Samarbeid med skule og barnehage er viktig, og klassebesøk er aktuelt for dei som ynskjer det. Samarbeidsmøte med BUP, NAV, fastlegar og kreftkoordinatorar eller andre ressurspersonar i ulike kommunar er også ein del av vårt arbeid.

Undervisning: Me tilbyr barnehagekurs for tilsette, kurs og rettleiing for tilsette i skulen, undervisning for helsepersonell, for brukargruppa, ulike konferansar og fagdagar. Me har vore på ulike arenaer også gjennom dette året.

Me ynskjer dykk alle ei riktig god og fin førjulstid!



Med helsing frå driftsgruppene for
nettverka

Grete Skeie Sørhus og
Jenny Ann Lid Toft
Sjukepleienettverket

Karoline Berge
Fysioterapi- og ergoterapinettverket

Fotograf: Magnus Steinsvåg

Tusen takk for innsatsen de gjer, alle saman!